



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Kristin Hjermand, 5557 2275

Vår dato
19.05.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/601 363.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland
IMDI Vest
UDI Vest
Bufetat Vest
NAV
KS Hordaland

Elektronisk modell for berekning av tilskott ved busetting og asylmottak

Åra 2015 og 2016 er Fylkesmannen i Hordaland eitt av to embete som er med i ei forsøksordning for auka og raskare busetting av flyktningar. Prosjektperioden fram til no har gitt oss mange og nyttige erfaringar når det gjeld det potensialet statleg nivå har for å stå fram som samla og samordna. Møte med kommunane – einstilte og samla – har òg vist eit sterkt behov for det.

Føremålet med modellen

Eit område som er trekt fram frå alle kommunane i fylket vårt er at det er krevjande å ha oversikt over inntektssida ved busetting. Det kjem særleg til syne når kommunane skal følgje opp oppmodingane om busetting i saksframlegg til politisk handsaming. Fylkesmannen i Hordaland har difor fått utvikla ei elektronisk løysing der kommunane på ein enkel måta kan får oversikt over kva tilskott som følgjer med busetting. Kva tilskott som gjeld for vertskommunar med asylmottak, er og del av modellen. Modellen gir vidare eit estimat om kva endringane i rammetilskottet til kommunen vil vere ved mottak av flyktningar.

Kven kan nytte modellen

Modellen blir lagt ut på nettsida til Fylkesmannen i Hordaland, under bannersaka Busetting av flyktningar. Modellen er altså til fri bruk for alle kommunar som ønskjer det, også utanfor Hordaland. Han vil bli kontinuerleg oppdatert ved endringar i tilskota. Sist oppdaterte versjon og dato for siste endringar finn ein på Fylkesmannen i Hordaland sine nettsider.

<https://www.fylkesmannen.no/nb/Hordaland/Busetting-av-flyktningar/?id=58488>

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Anne Kristin Hjermand
utdanningsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fylkesmannen i Troms	Postboks 6105	9291	Tromsø
Fylkesmannen i Vestfold	Postboks 2076	3103	Tønsberg
KS			
Utlendingsdirektoratet	Postboks 8108 Dep	0032	Oslo
Fylkesmannen i Buskerud	Postboks 1604	3007	DRAMMEN
Fylkesmannen i Finnmark	Statens hus	9815	Vadsø
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir)	Postboks 2233	3103	TØNSBERG
IMDi - Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	Postboks 8059 Dep	0031	OSLO
Fylkesmannen i Aust-Agder	Postboks 788 Stoa	4809	Arendal
Fylkesmannen i Nordland	Statens hus	8002	Bodø
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Fylkesmannen i Oslo og Akershus	Postboks 8111 Dep	0032	Oslo
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	Stavanger
Justis- og beredskapsdepartement	Postboks 8005 Dep	0030	Oslo
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Oppland	Postboks 987	2626	LILLEHAMMER
Fylkesmannen i Telemark	Statens hus	3708	Skien
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Postboks 4710 Sluppen	7468	Trondheim
Fylkesmannen i Vest- Agder	Postboks 513	4605	Kristiansand S
Fylkesmannen i Hedmark	Postboks 4034	2306	HAMAR
Fylkesmannen i Østfold	Postboks 325	1502	Moss